

Tilleggsføresegner til frikjøpsordning, Hå kommune, Rogaland

Gitt i medhald av plan- og bygningslova § 28-7 tredje ledd som tillegg til førsegnene til kommuneplan for Hå kommune 2014-2028 pkt. 1.8.3

- § 1 Hå kommune vil med desse utfyllande føresegnene sikre at det vert innført ei ordning for frikjøp av parkeringsplassar som er i samsvar med intensjonen bak førsegnene til kommuneplan for Hå kommune 2014-2028 pkt. 1.8.3.
- § 2 Kommunen kan, innafor dei grenser som er sett i førsegnene til kommuneplan for Hå kommune pkt. 1.8.3, ved enkeltvedtak godkjenne at det innafor sone 1 i kommuneplanens arealdel i staden for biloppstillingsplass på eigen grunn eller på fellesareal vert innbetalt ein sum pr. manglande plass til kommunen (frikjøpssum), jf. §§ 3 og 4 nedanfor.
- § 3 Innbetalt beløp kan berre nyttast til opparbeiding av offentlege parkeringsanlegg i samsvar med eigen plan, knyta til sone 1 i kommuneplanens arealdel, jf. plan- og bygningslova § 28-7 tredje ledd tredje punktum, og skal avsetjast i eige fond merka til dette formål inntil beløpet kan nyttast.
- § 4 Kommunestyret vedtar storleiken på frikjøpssummen, jf. plan- og bygningslova § 28-7 tredje ledd andre punktum.
- § 5 Samla beløp for frikjøpte oppstillingsplassar skal vere innbetalt før igangsettingsløyve vert gitt.
- § 6 Dei som nyttar frikjøpsordninga får ikkje eksklusive rettar i parkeringsanlegget, men kan bruke anlegget på lik linje med andre brukarar.